**Øystese sokneråd**
**5610 Øystese**
**Sakliste, Øystese Sokneråd**

**Stad:** Øystese bedehus
Dato: **tysdag** 12.03.2024
Tid: kl. 19.00 - 21.00
Soknerådsmøta er opne.

| |
|---|
| **Dato**: 12.03.24 |
| **Innkalla** : Roar Strømme, Aina T Vågen, Anne Christin Myklebust, Hilde Måge Kristiansen, Gunlaug Sekkingstad, Anne Britt Berge, Kjell Arne Gjøn, Bård Magnus G Lundestad, Kjell Dysvik, Astrid Lunestad, Ruben Øystese, Therese Rykkje |
| |
| Ikkje til stades: Therese |

| **NR:** | **SAKER:** | **MERKNADER:** |
|---|---|---|
| 1. | Godkjenning av innkalling, referat, sakliste + ord for dagen | |
| INFO | Innkomen post, økonomi, mm | Ljosmesse/konsert i Øyststes kyrkje-Ungdomskoret (sjå punkt 7).<br><br>Rutiner for offer i kyrkja: det må inn i referata framover kva offeret kvar månad går til (grunna uttale frå revisor). |
| 2 | Evaluering gudstenester mm | Godt gjennomførte.<br><br>Litt styr med skyss på felles gudstenesta fastelavn i Nhs. |
| 3 | Konsertserie arrangert av Øystese sokneråd og kyrkjemusikarane i Kvam – sommaren 2024 | Søknadsskriv frå organistane 29.2., orienteringsskriv frå kyrkjeverja 29.2. De har også fått ei melding frå soknerådsformannen om saka.<br><br>3 onsdagskveldar i juni og 3 onsdagskveldar i august. Treng litt hjelp frå soknerådet for å arrangere dette. Ein prøver å finne nokon som kan vera med utanfrå å hjelpa litt. |
| 4 | Fasteaksjonen 19.3.24 | Avtaler og orientering frå komiteen som var samla 11.3. Møt kl. 1700 på SFO. Ferdig 20.00. |
| 5 | Testamentarisk gåve til diakoniarbeidet | Orienteringsskriv frå kyrkjeverja 29.2.. Diakoniplanen vedteken for soknet er også aktuell. Igangsetting av arbeid med retningslinjer. |

| | | |
|---|---|---|
| | | Soknerådet foreslår å lage ein konto med desse pengane, moglegvis oppretta eit budsjett.<br><br>Ein kan ein t.d. bruka pengane til føremiddagstreff, musikk på Øysteheimen og Mikkjelsflaten. Ein kan ta det opp att i maimøtet. |
| 6 | Vedlikehald av Øystese kyrkje | Disponering av testamentarisk gåve i samråd med kyrkjeverja. Brev frå kyrkjeverja 16.2. til soknerådsmedlemene vedkomande saka. Gunnlaug og Anne Britt er kontaktpersonar frå soknerådet i saka.<br><br>Det kom opp spørsmål om handikapp plass (universell utforming) slik at rullestolbrukarar kjem seg ut ved evt. brann og at ein ikkje set på «utstilling» under gudstenesta. Dette kan vera aktuelt å få til i samband med nytt teppe.<br><br>Spørsmål om hjartestartar kom opp. Aina tek dette vidare. |
| 7 | Besøk av kateket, kyrkjelydspedagog og søndagsskulen | Kari Furnes Ålvik fortel om korleis dei driv søndagsskulen heime:<br><br>• 8 laurdagar i året (born frå 3-10 år). Ca. 15 ungar kvar gong. Også frå Ålvik.<br>• Soknerådet abonnerer på «Sprell levande», mykje bra her som kan brukast i undervisninga. Eigen rekneskap elles. Takksam for offergåva frå 17.mai. Ynskjer å kjøpa bl.a. ei flanellografplata.<br>• Kanskje på tide å ha eit innslag i kyrkjebladet att? Gjerne eit betre oppslag på heimesida.<br>• Neste gong er 6.april.<br>• Legg dette inn i kalender.<br><br>Mampion, 100% kateket i Kvam. Elles er det delt ei 70 % stilling imellom to andre i trusopplæringa.<br><br>• Hefte om trusopplæring i Kvam frå 0-18. Ligg på nettsida.<br>• Kyrkjekino førstkomande torsdag. Treng litt hjelp frå soknerådet til henting av mat eller liknande, Aina melde seg.<br>• Fasteaksjon. Eige skriv.<br>• Krølletreff. 3 åringar invitert på samling i kyrkja. Foreldra er også med.<br>• Konfirmantarbeid. 18 stk. i år. Undervisning 2. eller 3. kvar måndag. Blir ein felles samtalegudsteneste 25.april. ca. 60 timar i løpet av året. Konfirmantleir på Framnes. I år var det totalt 400 med. Konfirmantane vel aktivitetar dei er med på (ski, Kompani Framnes, Masterchef og liknande.) Populært. Elles er dei med på valfrie aktivitetar som t.d. ungdomskor, ungdomsklubb, krik økt, «Gaming og Bibel». |

| | | |
|---|---|---|
| | | • Eivind Daniel har 50%. Han går ut i permisjon frå hausten. Desse midla mistar ein i september. Solfrid Lindøy går tilbake som lærar på Framnes.<br>• Bak i kyrkja ligg det ei korg med ark som skal fyllast ut når dei har vore med på gudsteneste.<br>• Det er ynskjeleg at konfirmantane deltek meir i aktivitetar i gudstenesta.<br>• Lysmessa: Ungdomskoret er vanskeleg å få hit før jul. Det vert referert til kontakt/brev med Vidar. Kanskje ein kan flytte lysmessa frå 1. til 2. søndag i advent slik det var før? |
| 8 | Kvalitetssikring av oppgåver to første månader | Konfirmantfesten 25.04. og friluftsgudsteneste krev litt avklaringar, i tillegg dei andre gudstenestene.<br>• Konfirmantfest Kjell og Astrid leiar. Ruben syng ein song. Kjell Arne musikkinnslag. Treng ein person frå soknerådet ifrå Ålvik. Rigging av rom kjem ein tilbake til neste gong.<br>• Friluftsgudsteneste 2.påskedag på Sjusete. Sevi må skaffa blåsarar. |
| | Eventuelt | Norheimsund kyrkje, 21. mars kl.1900: Ungdomskoret startar turneen med konsert. |
| | | Møtet vert avslutta med Vår far |